

# Tipsark: Korleis jobbe med plastforsøpling i lokallag og kommunestyre?


## Kort bakgrunn

Plast held på å bli eitt av dei største miljøproblema våre. Vi fyller havet med små og store plastbitar; eit aukande problem både for dyrelivet og oss sjølve. Kvart år hamnar over 8 mill tonn søppel i havet. Mellom 70 og 80 prosent av dette er plast, og problemet er at den ofte ikkje forsvinn. Den kan delast i to: plast som allereie er små partiklar (mikroplast og nanoplast) når det når havet, og større plastavfall som over tid vert slipt ned til små partiklar i havet. Ein altfor liten del av plastemballasjen vert gjenbrukt, resirkulert eller brent. Viss ikkje vi endrar måten vi produserer, brukar og handterer plast på, vil det i 2050 vere meir plast enn fisk i havet. Plasten kan innehalde helse- og miljøfarlege stoff. Plastovertlata tek opp miljøgifter som PCB og DDT, stoff som er helseskadelege. Desse blir spreidde med havstraumane, fisk og andre organismar trur det er mat og et det. Plast finst no i alle ledd i næringskjeda, og kan til slutt ende på middagsbordet vårt. Plast er dessutan i stor grad laga av fossil olje, og det er difor også bra for arbeidet mot klimaendringar å redusere produksjon og unødvendig bruk av ny fossil plast.

Nokre av kjeldene til mikroplastreining er slitasje av bildekk, måling og vedlikehald av båtar, tap frå

## Fyller havet med mikroplast

Det dannes rundt 8000 tonn primær mikroplast årlig i Norge. Omtrent halvparten havner i havet. Om man fyller Bergen sentrum med 8000 tonn mikroplast, vil bergenserne stå til knes. Bildekk er den største kilden.



KILDE: «Sources of microplastic pollution to the marine environment» / Mepex

nyhetsgrafikk.no

plastproduksjon, måling og vedlikehald av byggkonstruksjonar og vegar, ulovleg dumping av måling, vask av tekstilar laga av plast, plastavfall kasta i naturen og tannkrem og kosmetikk. I 2016 kom ein rapport som viser at også kunstgrasbanar er ei betydeleg kjelde til plastforureining.

Kjelde: Mepex, 2015 \*



## Kva meiner SV?

SV har mykje god politikk når det gjeld plast. Her finn du lekkjer til nokre viktige nettsider:

**SV fra A til Å:** Plastforurensing <https://www.sv.no/sv-fra-a-til-a/plastforurensing-2/>

**Arbeidsprogrammet:** <https://www.sv.no/arbeidsprogram/miljo/>

## Kva kan ein gjere i lokallag og kommunestyre for å vise at SV er partiet for dei som er opptekne av plastforsøpling?

### Påverke nasjonal politikk - synleggjere kva SV gjer på Stortinget

Gjennom interpellasjonar, grunngjevne spørsmål eller framlegg til fråsegner kan ein få med kommunestyret på å sende signal til Storting og Regjering med krav om strengare politikk når det gjeld plastforsøpling – lett å få gode oppslag i lokalavisa på dette!

Hugs: det aller viktigaste er å stanse ny plast i å hamne i naturen!

### Påverke kommunal politikk - det kommunen har ansvar for

Vi treng tiltak som hindrar at plastavfall oppstår og at det vert spreidd i naturen, og vi må sikre at det som hamnar på avvegar vert samla inn og levert til gjenvinning.

- Sikre at platen så langt råd er vert brukt om att, går til materialgjenvinning eller energiutnytting. Sørge for at kommunen sorterar og materialgjenvinn plast- (og mat-) avfall dersom dei ikkje allereie gjer dette
- Sørge for at kommunen brukar tilstrekkeleg med ressursar på avfallshandtering, også på offentlig grunn, slik at ein stansar tilsig av plast i naturen
- Det er fleirtal på Stortinget for at kommunen skal få heimel etter forureiningslova til å gi gebyr i saker som omhandlar ulovleg forsøpling lokalt. Vedta at kommunen skal bruke denne moglegheita aktivt når den kjem, og gjennomføre kontrollar på stader der forsøpling lett oppstår, til dømes på byggeplassar
- Mange norske hamner har enno ikkje på plass godkjende avfallsplanar. Kommunen må sørge for at alle hamner, både private og kommunale/statlege, får på plass godkjend avfallsplan innan utgangen av 2018
- Arbeide for å etablere godkjende vedlikehaldsplassar for båtar, der avrenning, kjemikalier og plast vert samla opp og rensa. Her kan ein samarbeide med fiskarar og småbåtlag både for å få på plass tiltak og for å spreie kunnskap. Samarbeid om felles mobile spylemattar for brukarane i kommunen er ei god løysing
- Etablere (fleire) Miljøfyrtårn i kommunen
- Foreslå bruk av miljømerka produkt inn i innkjøpsreglementet, til dømes Svanemerket (til dømes for å unngå bruk av måling som inneheld plast)
- Foreslå Grønt hjørne på Rådhuset eller Biblioteket (sjølvstøtt etter avtale med dei) med informasjon retta mot innbyggjarane om tiltak mot marin forsøpling
- Legge tilrette for mindre bilkøyring gjennom gode kollektivtilbod, fleire gang- og sykkelvegar, trygge skulevegar og god arealplanlegging (reduert dekkslitasje)



- Arbeide for å byte ut eventuelt gummigranulat på kunstgrasbanar når alternativa føreligg; i mellomtida innføre rutinar for oppsamling av gummigranulat som er på veg vekk frå banen. Nokon kommunar (som Fredrikstad) har gått lenger og vil ikkje bygge fleire baner før nye miljøvenlege alternativ er på plass. Miljødirektoratet kom i januar 2018 med sju tilrådingar til tiltak for å redusere utslepp av gummigranulat, og eit minstemål må vere at desse vert følgde for alle baner i kommunen. Tiltaka finn du i link nedst i dokumentet
- Krevje gode ordningar for vask av vegar for å hindre avrenning av mikroplast, og få utgreidd om det finst renseløysingar som kan fange opp mikroplasten
- Sjekke om det kommunale avløpssystemet er godt nok til å fange opp mikroplast, ev foreslå oppgradering til bruk av best tilgjengelege teknologi for filtrering av mikroplast i avløpsanlegg. Sjekke at reinseanlegga gjer tiltak for at biofilm-berarar (små plastsylindrar tilsett avløpsanlegga) ikkje kjem på avveggar
- Invitere det lokale næringslivet, t.d. bygge- og anleggsbransjen, til samarbeid om kartlegging av utslepp av plast, og tiltak mot dette
- Legg til rette for gode gjenbruk-, innsamlings- og kjeldesorteringsordningar, plast-innsamling, og god informasjon, og sjå til at løysingane er enkle og rimelege
- Stimulere til etablering av gjenbruks- og reparasjonsverkstader for å redusere avfallsmengda
- Sjekke kva som finst av tilskotsordningar for tiltak mot mikroplast og marin forsøpling, og ta initiativ til at kommunen m.fl. søker på desse
- Setje av midlar i kommunebudsjettet til plastrydding (Hordaland fylkesting har t.d. sett av 1 mill til dette) og invitere til samarbeid mellom kommune og frivillige
- Samarbeide med landbruksnæringa om innsamling av landbruksplast
- Inviter til samarbeid med skular, barnehagar, det lokale reinhaldsverket, lokallaget til Naturvernforbundet osv, til dømes i samband med Strandryddedagen
- Ta initiativ til ryddeaksjonar som [Strandryddedagen](#), delta i [Kystlotteriet](#) og følg Facebooksida «2 minutters strandrydding». Det finst mykje midlar å søkje på, til dømes ei tilskotsordning mot marint avfall.
- Bur du i ein kystkommune
  - sjekk om det er aktuelt å arbeide for utviding av Skjærgårdstjenesten til din del av kysten og ta det opp i kommunestyret
  - arbeid for å få eigna hamner og fleire fiskefarty i ordninga «Fishing for litter»
  - få fiskeaktørar til å merke utstyret godt, alltid rapportere dersom fiskeritstyr går tapt og prøve å få til opprydding av «spøkelsesutsyr»
- Få fiskeriorganisasjonane med på felles aksjon mot marin forsøpling, m.a. gjennom Hold Norge rent.

## Stimulere forbrukarmakta – kva den enkelte kan gjere

Vi kan også bidra til å bevisstgjere innbyggjarane om problemet og peike på korleis dei sjølve kan bidra med enkle tiltak. SV skal vere dei som set temaet på dagsorden lokalt!

- Inviter til ope møte om plastforsøpling med kunnskapsrik innleiar
  - <http://www.npolar.no/no/ansatte/geir.wing.gabrielsen/>
  - <https://www.niva.no/Ansatte/david-pettersen-eidsvoll>
  - <http://www.nomil.no/kontaktinformasjon/3-janne>
  - [https://www.wwf.no/om\\_wwf/ansatteledelse/](https://www.wwf.no/om_wwf/ansatteledelse/)
  - <https://holdnorerent.no/kontakt-oss/>
- Be folk «Seie frå til SV» om korleis vi kan legge til rette for miljøvenleg handling i kvardagen



- Lage ein plastaksjon der ein brukar ein oppblåsbar kval for å minne om og synleggjere problemet med mikroplast, td utanfor ein butikk
- «5 om dagen - godt for både hode og klode» - plukk 5 søppel per dag (gjerne plast) – og få folk rundt deg med på det same!
- Få tak i ei utstilling om plastforsøpling; det vart laga fleire i 2017, ma på Runde miljøsender; <http://rundecentre.no/ny-utstilling-plastforsopling-havet/>
- Oppmode om ikkje å kaste plast i toalettet. Q-tips, tampongar og kontaktlinser er laga av plast og forsøplar havet
- Invitere handelsstanden til fellesaksjon for å redusere bruken av plastposar – lage egne «kommunale» handlenett med bilete av ein kval? Få med profilerte personar som frontfigurar. Engasjere ungdomsråd, elevråd, elevbedrifter?
- Oppfordre til redusert bruk av plastposar og andre eingongsprodukt, til bruk av panteordningane og til å unngå å kaste plast i naturen. Ta med vassflaske!
- Oppfordre til å vere bevisst på redusert bruk av klede laga av plast (fleece, polyester, akryl ol), vaske dei sjeldnare og passe på at vaskemaskina har reint og godt filter. Tilrå bruk av vaskepose <http://www.mynewsdesk.com/no/kid-interior/pressreleases/guppyfriend-vaskepose-mot-mikroplast-2142469> som samlar opp mikroplasten.
- Informere om / oppfordre til å kjøpe miljømerka produkt som td Svanemerket
- Informere om og oppfordre til å kjøpe mikroplastfri tannkrem og kosmetikk [Beat the microbead](http://www.beatthemicrobead.org/look-for-the-zero/) <http://www.beatthemicrobead.org/look-for-the-zero/>, og måling utan plaststoff

NB – det er her ikkje tilrådd å jobbe for ein overgang til nedbrytbar plast / bioplast. Enkelte typar er nok betre enn oljebasert plast, men det er usikkerheit rundt kva nedbrytingsprodukta er.

#### Meir lesestoff / kjelder:

- "Kunnskap om marin forsøpling i Norge 2014", Miljødirektoratet, 2014
- "Sources of microplastic pollution to the marine environment", MEPEX, 2015
- "Primary microplastic pollution: Measures and reduction potentials in Norway", MEPEX, 2016
- "Overordnet tiltaksvurdering om mikroplast", Miljødirektoratet, 2017
- [Oppdrag – oppfølging av tiltaksvurderingene mot marin forsøpling og mikroplast](#)
- [Miljødirektoratets tiltaksvurdering mot marin forsøpling](#)
- [Miljødirektoratets vurdering av kilder og tiltak mot marin forsøpling](#)
- [Miljødirektoratets tiltaksvurdering mot mikroplast](#)
- Miljødirektoratets vurdering av kilder og tiltak mot mikroplast
- WWFs landingsside om marin forsøpling [https://www.wwf.no/dette\\_jobber\\_med/hav\\_og\\_kyst/marin\\_forsopling/](https://www.wwf.no/dette_jobber_med/hav_og_kyst/marin_forsopling/)
- Faktaark om WWFs nullvisjon for plast i havet <https://www.wwf.no/?54185/Krever-nullvisjon-for-soppel-i-havet>
- WWFs kampanjeside for #ikkebidra <http://www.wwf-norge.no/ikkebidra/>

#### Om gummigranulat i kunstgrasbanar:

- <http://www.miljodirektoratet.no/no/Nyheter/Nyheter/2018/Januar-2018/Slik-far-vi-ned-utslipp-av-mikroplast-fra-kunstgressbaner/>
- <https://mikroplast.wordpress.com/2018/02/13/kunstgressbaner-en-stor-kilde-til-mikroplastutslipp/>



- [http://www3.bergen.kommune.no/BKSAK\\_filer/bksak/0/VEDLEGG/2016229027-6035967.pdf](http://www3.bergen.kommune.no/BKSAK_filer/bksak/0/VEDLEGG/2016229027-6035967.pdf)
- [http://sportvest.no/produkter/kunstgress/?gclid=CjwKCAiAvMPRBRBIEiwABuO6qY4GydY1g5-tMSghrZyZpJGfutQE9JI6sJ6RU2ZLn1Kdq3c3S0-GmBoCE3IQAvD\\_BwE](http://sportvest.no/produkter/kunstgress/?gclid=CjwKCAiAvMPRBRBIEiwABuO6qY4GydY1g5-tMSghrZyZpJGfutQE9JI6sJ6RU2ZLn1Kdq3c3S0-GmBoCE3IQAvD_BwE)
- [https://naturvernforbundet.no/getfile.php/133639/Dokumenter/Rapporter%20og%20faktaark/2006%20og%202005/1\\_Hva\\_gjør\\_vi\\_med\\_plasten.pdf](https://naturvernforbundet.no/getfile.php/133639/Dokumenter/Rapporter%20og%20faktaark/2006%20og%202005/1_Hva_gjør_vi_med_plasten.pdf)

**Les mer om hvordan du kan kutte utslipp av mikroplast:**

- <https://www.framtiden.no/gronne-tips/fritid/slik-kutter-du-utslipp-av-mikroplast.html>

**Les mer om miljøvennlig vasking av klær:**

- <https://www.framtiden.no/gronne-tips/klar/miljobevisst-klesvask.html>